



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

VA-prosjekt & Anlegg AS
Garlivegen 15
2900 FAGERNES

Delegert sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vedtaksdato:

LYSROG - 26/1371

23/7, M45

21.07.2026

Saksnr.	Utval
204/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
181/26	Kommunestyret

23/7 Bergabygdvegen 94 - Dispensasjon mellombels utsleppsløype

Tiltak: Etablering av privat avløpsanlegg svart- og gråvatn
Byggjestad: 23/7 Bergabygdvegen 94, 2940 HEGGENES
Tinglyst eigar: Hilde Gillebo og David Michael Watt
Ruglandsveien 133, 1359 EIKSMARKA
Ansvarleg søkjar: VA PROSJEKT & ANLEGG AS

Vedtak:

Dispensasjon

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 og kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak søknaden om dispensasjon frå Arealdelen til kommuneplanen 2026-2038, punkt 3.1.3 Krav som gjelder infrastruktur - vatn og avløp, Infrastruktursone I-410-VA.

Søknaden er datert 29.06.2026 og gjeld etablering av privat avløpsanlegg for svart- og gråvatn i infrastruktursone I-410-VA, for ein fritidsbustad på Bergabygdvegen 94. Dispensasjonen gjeld inntil offentleg VA-nett er etablert i området og eigedomen kan kople seg til det offentlege VA-nettet. Tiltaket er vurdert til å ikkje sette omsyna bak føresegna vesentleg til side. Tiltaket er vurdert til å vere i samsvar med retningslinjer for handlingsplan for spreidd avløp. Fordelar er vurdert klart større enn ulempa.

Utsleppsløype

Med heimel i forureiningsforskrifta §§ 12-5, 12-6 og kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak, søknad om etablering av privat avløpsanlegg på gnr.23, bnr.7. Anlegget er dimensjonert for 5 pe.

Løype er godkjent på grunnlag av «Søknad om dispensasjon for utslepp frå mindre avløpsanlegg».

Sentralbord:
61 35 25 00

Dir. telefon:
47611816

Org.nr:
961382068

E-mail:
Roger.nymoen.lyseng@oystre-
slidre.kommune.no

Heimeside:
www.oystre-slidre.kommune.no

Byggeløyve

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3, jf. § 20-1 og kommunalt delegasjonsreglement godkjenner kommundirektøren v/leiar av næring, plan og byggesak søknad om etablering av privat avløpsanlegg på gnr.23, bnr.7.

Løyve er godkjent på grunnlag av «*Søknad om dispensasjon for utslepp frå mindre avløpsanlegg*».

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

1. Avløpsanlegget og utsleppet skal tilfredsstille gjeldande nasjonale og lokale forskrifter.
2. *Valdres Kommunale Renovasjon (VKR)*, har ansvaret for tøyming av private avløpsanlegg i kommunen. Anlegget skaletablerast og driftast i samsvar med *Forskrift om tømning og tilsyn av mindre avløpsanlegg som ikke er knyttet til kommunalt ledningsnett i kommunene i Valdres*.
3. Anlegget skal tøymast kvart 4 år eller oftare ved behov.


Saksopplysningar

VA-PROSJEKT & ANLEGG AS, har på vegne av Hilde Gillebo søkt om å etablere nytt privat avløpsanlegg for svart- og gråvatn på Gnr. 23, bnr. 7. Bergabygdvegen 94, 2940 HEGGENES. Anlegget er dimensjonert for 5 pe (personequivallenter) og består av 4m³ slamavskiljar med infiltrasjon til INDRAIN på 12 meter til ei infiltrasjonsgrøft på 12 x 2 meter. Avløpet vert ført i 110 mm røyr frå hytta til slamavskiljaren, og vidare i 110 mm røyr frå slamavskiljaren til INDRAIN-modular i infiltrasjonsgrøfta. INDRAIN vert lagt på ein 25cm pukkpute med fiberduk over INDRAIN før det vert tilført pukk og stadlege massar. Avløpsanlegget frostsikrast. Infiltrasjonstesten syner ein vassleidningsevne på 7,00 meter/døgn. Den hydrauliske kapasiteten er på 1,51m³ pr. døgn.

Planstatus

Eigendomen er regulert av Arealdelen til kommuneplan 2026-2038. Arealformålet for eigendomen er *spredt fritidsbebyggelse i LNRf- areal for nødvendige tiltak for stadbunden næring*.

Eigendomen ligg i infrastrukturene H410-VA (vatn og avløp), som seier følgjande: «*Innan desse sonene skal alle nybygg og tilbygg på brukseiningar med innlagt vatn koplust til felles avlaups- og vassforsyningsanlegg. Tilsvarande gjeld innlegging av vatn og etablering av avlaup i eksisterande bygg. Unntak er viss gjeldande kommunedelplan for VVA med handlingsplan legg anna løysing til grunn.*»



Figur 1: Syner plankart

Nabovarsling

Tiltaket er varslet i tråd med plan- og bygningslova § 21-3 og forureiningsforskrifta § 12-4.

Ingen innvendingar på nabovarsel.

Nabovarsel er sendt:

23/2 Ole Kristian Gillebo, 23/2/4 Gerd Helene Styffe Klatran, 23/2/3 Linda Mie Krogh.

Erklærte ansvar i tiltaket jf. pbl §§20-3, 23-1 og 23-3

Føretak	Funksjon	Dato	Tiltaksklasse	J.dato
VA PROSJEKT & ANLEGG AS	PRO	29.06.2026	1	21.07.2026
Rørlegger Brager AS	UTF	26.06.2026	1	21.07.2026

Der ansvarsområdet ikkje er ansvarsbelagt skal det sendast inn *Erklæring om ansvarsrett* jf. SAK10 § 5-1, før arbeidet for ansvarsområdet startar.

Teikningsdokumentasjon



Vurdering

Det er søkt om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen, for etablering av ein 4m³ slamavskiljar med tilhøyrande infiltrasjonsgrøft for både svart- og gråvatn. Eigedomen er regulert av arealdelen til kommunedelplan 2026-2038. Arealformålet for eigedomen er *spredd fritidsbebyggelse*. Eigedomen ligg infrastruktursone I-410-VA i plan. *Krav vedrørande infrastruktur.*

Eksisterande leidningsnett for off. vass- og avløpsanlegg er ikkje utbygd i området. Dersom det kjem slikt leidningsnett så langt mot tomte at denne kan krevjast tilkopla, vert det berre gjeve eit mellombels utsleppsløyve inntil tilkopling kan føretakast, sjølv om dette kan ligge noko fram i tid.

Dispensasjon

I søknaden om dispensasjon står det:

«Dispensasjonssøknad ifm avløpsanlegg på gnr.: 23 bnr.: 7.

Det søkjast dispensasjon frå Arealdelen i kommunedelplanen i forbindelse med avløpsanlegg på Bergabygdvegen 94. Handlingsplanen for vann og avløp opnar for dette då det ikkje er alternativ i området. Anlegget består av 4m³ slamavskiljar til tilhøyrande infiltrasjonsgrøft for svart og gråvannm, og det blir søkt om midlertidig utsleppstillatelse for tiltaket.»

Etter pbl § 19-2 (2) skal ein ikkje gje dispensasjon «dersom hensynene bak bestemmelsen det dispensere frå, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter ein samla vurdering.» Vilråa er kumulative. Dette inneber at kommunen berre har høve til å gje dispensasjon om begge vilråa i regelen er oppfylt.

Vurdering av vilkåret i § 19-2 (2) fyrste setning:

Omsynet bak infrastruktursone I-410-VA er mellom anna å sikre ei heilskapleg og samordna utbygging av kommunal vatn- og avløpsinfrastruktur og å unngå private løysingar som på lengre sikt kan vere til hinder for gjennomføring av den planlagde infrastrukturen.

Kommunen legg i denne saka vesentleg vekt på at kommunalt vatn- og avløpsnett ikkje er etablert i nærleiken av eigedomen, og at det difor ikkje er mogleg å oppfylle føresetnaden om tilknytning til kommunalt VA på noverande tidspunkt. Ei mellombels etablering av eit privat avløpsanlegg vil dermed ikkje innebere at tiltakshavar vel ei privat løysing framfor ei eksisterande og tilgjengeleg kommunal løysing.

Det vert vidare lagt vekt på at tiltaket gjeld ein eksisterande fritidsbustad, og at avløpsanlegget vert etablert på eigen eigedom. Tiltaket medfører difor ikkje behov for å leggje avløpsanlegget på framand grunn eller etablere privatrettslege avtalar knytte til sjølve plasseringa av anlegget.

Kommunen vurderer at eit godkjent privat avløpsanlegg kan fungere som ei løysing fram til kommunalt vatn- og avløpsnett eventuelt vert etablert og gjort tilgjengeleg for eigedomen. Ein dispensasjon bør ikkje vere til hinder for framtidig gjennomføring av kommunal VA-infrastruktur, og eigar må vere budd på at krav om tilknytning kan verte aktuelt når offentleg VA vert ført fram til området og vilkåra for tilknytning elles er oppfylte.

Etter ei konkret og samla vurdering meiner kommunen at ein dispensasjon i denne saka ikkje vil føre til at omsyna bak infrastruktursone I-410-VA vert vesentleg tilsidesette. Det første vilkåret i plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd vert difor vurdert som oppfylt.

Vurdering av vilkåret i § 19-2 (2) andre setning:

Det andre vurderingstemaet er om fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Den vesentlegaste fordelan ved dispensasjonen er at eigedomen får etablert ei godkjend og fagleg prosjektert løysing for forsvarleg handtering av avløpsvatn i ein periode der kommunalt vatn- og avløpsnett ikkje er tilgjengeleg. Ei godkjend privat avløpsløysing vil sikre kontrollert handtering og reinsing av avløpsvatnet og redusere risikoen for ureining samanlikna med ei mangelfull eller ikkje godkjend løysing.

Det vert òg lagt vekt på at tiltaket gjeld ein eksisterande fritidsbustad og ikkje etablering av ei ny bueining. Avløpsanlegget skal etablerast på eigen eigedom, og tiltaket kan gjennomførast utan å leggje beslag på andre eigedomar.

Ulempa ved å gje dispensasjon er fyrst og fremst at det vert etablert ei privat avløpsløysing i eit område som etter overordna plan er sett av for framtidig kommunal VA-infrastruktur. Dette kan innebere at det vert investert i eit privat anlegg som seinare kan miste sin funksjon dersom eigedomen får krav om tilknytning til kommunalt nett.

Denne ulempa vert etter kommunen si vurdering redusert av at det ikkje finst kommunalt VA i nærleiken i dag. Det private anlegget vil dekkje eit reelt og eksisterande behov for forsvarleg avløpshandtering fram til ei eventuell kommunal løysing vert etablert.

Etter ei samla vurdering meiner kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak at fordelane ved å sikre ei godkjend og miljømessig forsvarleg avløpsløysing for den eksisterande fritidsbustaden er klart større enn ulempene ved å fråvike kravet i infrastruktursone I-410-VA i den perioden kommunalt VA ikkje er tilgjengeleg.

Det andre vilkåret i plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd vert difor vurdert som oppfylt.

Kommunen vurderer difor at tiltaket er i tråd med retningslinjene for handlingsplanen for spreidd avløp. Omsyna bak føresegna er difor ivaretake.

Søknaden skal vurderast etter Vassforskrifta § 12, som seier følgjande:

Vassforskrifta § 12 seier følgjande:

12.Ny aktivitet eller nye inngrep

Ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst kan gjennomførast sjølv om dette medfører at miljømåla i §§ 4–7 ikkje vert nådde, eller at tilstanden i vassførekomsten vert forringa, dersom dette skuldast:

- a) nye endringar i dei fysiske eigenskapane til ein overflatevassførekomst eller endra nivå i ein grunnvassførekomst, eller
- b) ny berekraftig aktivitet som medfører forringing i miljøtilstanden i ein vassførekomst frå svært god tilstand til god tilstand.

I tillegg må følgjande vilkår vere oppfylte:

- a) alle praktisk gjennomførbare tiltak vert sette i verk for å avgrense negativ utvikling i tilstanden til vassførekomsten,
- b) samfunnsnytten av dei nye inngrepa eller aktivitetane skal vere større enn tapet av miljøkvalitet, og
- c) føremålet med dei nye inngrepa eller aktivitetane kan, på grunn av manglande teknisk gjennomførbarheit eller uforholdsmessig store kostnader, ikkje med rimelegheit oppnåast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet.

Kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak, vurderer at etablering av infiltrasjonsanlegg for svart- og gråvatn kan godkjennast. Ei slik løysing vil medføre svært avgrensa utslepp av avløpsvatn til omgjevnadene, og vilkåra i vassforskrifta § 12 vert vurdert som oppfylte.

Kommunen legg til grunn at anlegget vert etablert i samsvar med innsendt søknad, samt gjeldande lovverk og forskrifter. Dersom det i framtida vert etablert offentleg vatn- og avløpsanlegg i området, skal tilkopling til dette vurderast i tråd med plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.

Oppsummering

Kommunen vurderer at omsyna bak infrastruktursone H-410-VA ikkje vert vesentleg tilsidesette ved å gje dispensasjon for etablering av privat avløpsanlegg. Vidare vurderer kommunen at fordelane ved å etablere ei godkjend og forsvarleg avløpsløyving er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Det vert lagt til grunn at dispensasjonen ikkje fritar eigedomen frå ei eventuell framtidig plikt til å knyte seg til offentleg vatn- og avløpsnett dersom kommunalt VA seinare vert etablert og vilkåra for tilknytning er oppfylte.

På denne bakgrunnen finn kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak at vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte, og at det kan bli gjeve dispensasjon som omsøkt. Kommunen føreset at anlegget blir etablert i samsvar med søknad, gjeldande lovar og forskrifter.

Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med *Søknad om ferdigattest* før det blir take i bruk jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ved søknad om ferdigattest skal det liggje ved GPS-koordinatar av komponentane, fotodokumentasjon av alle vesentlege fasar av byggeprosessen og oppdatert gjennomføringsplan.

Gebyr

For handsaming av søknaden blir det eit gebyr på kr. 10582,-jf. punkt 6.1.1 *Handsaming av søknad om utsleppsløyve for avløpsanlegg 1-15 p.e* og eit gebyr på: 8911,- jf. punkt 3.2.7.3 *Administrativ dispensasjon* i gebyrregulativ for kommunen. Faktura blir sendt tiltakshavar.

<https://pub.framsikt.net/2025/oystre-slidre/bm-2025-okonomiplan2025#/generic/summary/feesmanagemant/?search=gebyr&scrollTo=t-74>

Føresetnader med heimel i lovverket

1. I tilfelle tilsyn eller kontroll, skal dette løyvet alltid vere tilgjengeleg på byggjeplassen.
2. Det blir lagt til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekkja med nødvendig ansvarsrett jf. pbl §23-3.
3. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
4. Anlegget/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
5. Anlegget/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl § 21-10.
6. Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven.

7. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.
8. Anlegget skal dimensjonerast, byggjast og drives i samsvar med gjeldande regelverk og forskrifter som *Forureiningsforskrifta*, *Forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg*, *Øystre Slidre kommune*», *Handlingsplan for spreidd avløp 2019-2028* og *VA/Miljøblad nummer 48, 59, 99 og 100 og Plan- og bygningslova* . Anlegget og komponentane skal være SINTEF-godkjend.
9. Dersom det ved tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter, jf. lov om kulturminne § 8. Melding skal narast sendast til kulturminnestyremaktene i Innlandet fylkeskommune.
10. Anleggseigar pliktar til å unngå forureining jf. forureiningslova § 7.
11. Dersom det blir bygd VA-leidning i nærleik av eigedommen så nært at den kan krevjast tilkopla, må eigedommen koplast til offentleg vass- og avløpsnett jf. plan- og bygningslova § 27-1 og § 27-2 med heimel i § 30-6.

Klagerett

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Roger Nymoen Lyseng
Saksbehandlar

Vedlegg

Kopi til:

David Michael Watt	Ruglandveien 133	1359	Eiksmarka
Hilde Gillebo	Ruglandveien 133	1359	Eiksmarka

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og sendt utan underskrift, i samsvar med våre rutinar